



# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 24/2022

Møtedato: 31.08.22

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

## Nøsen - søknad om tilleggsjord fra S772 samt S821

Det er motteke søknad frå 2 ulike stølar om tilnærma same areal for ny tilleggsjord. Dette vert samordna i ei felles sakshandsaming.

Følgjande reglar gjeld jfr Seterforskrifta § 20:

*Jordbrukar med beiterett i statsallmenningen kan - anten åleine eller saman med andre beiterettshavarar - få utvist grunn som er skikka til dyrking eller til kulturbeite som tilleggsjord, jf. § 19 første ledd i fjellova. Det er eit vilkår at dei som har beiterett godtgjer behovet for tilleggsjord. Dette kan til dømes gjerast ved å leggje fram ein driftsplan.*

*Søknad om utvising av tilleggsjord skal sendast fjellstyret. Fjellstyret skal leggje saka fram for kommunen, Statskog SF og eventuelt allmeningsstyret og områdestyret i reinbeiteområde etter reindriftslova, for fråsegn. Kommunen handsamar og avgjer søknaden etter gjeldande forskrift om nydyrking i dei tilfelle der søknaden omfattar fulldyrking eller overflatedyrking etter forskrifta. Gjeld søknaden kultivering, og eventuelt inngjerding til beitebruk, skal kommunen gi fråsegn om dei tilhøva som er nemnde i § 5 i forskrifta om nydyrking.*

*Fjellstyret gjer vedtak om utvising av tilleggsjord til jordbrukar med beiterett. Statskog SF skal ha melding om vedtaket.*

*Statskog SF avgjer søknader om inngjerding av tilleggsjord etter tilråding frå fjellstyret, jf. § 5 fjerde ledd i forskrifta.*

*Fjellstyret måler ut setervoll og dyrkingsjord eller kulturbeite som skal visast ut saman med eller leggast til seter.*

*Fjellstyret skriv ut eit eige dokument til beiterettshavaren om utvisinga. Fjellstyret skal sende kopi av dette dokumentet til Statskog SF.*

### S772 – Rune Øygard:

Han viser til førre avslag, og søker om nytt areal som ligg nærare eigen støl. Dette er i tråd med det forslag han fekk frå fjellstyret saman med avslaget (sak 03/2022). Det opplyses at området vil i framtida bli brukt til beite/slått.

Eksisterande drift er sjekka opp mot kommunens register og det er drive fôrproduksjon, og siste gang det var beitedyr på garden var i 2014.

### S821 – Audun Fystro


Han viser til at dette arealet er viktig for ikkje å hindre fri ferdsel for eigne dyr, og søker i første omgang eit avgrensa areal. Dette planlegges nytta til beite/slåttejord

Drift er oppgjeve til drift med mjølkeproduksjon, noko dei ynskjer å fortsetje med/evt utvida drifta.

Eksisterande drift er sjekka opp mot kommunens register, og her er det drive med mjølkedrift i mange år samanhengande.

### Vurdering:

Det er noko avvik mellom dei omsøkte areala, men begge dei omsøkte areala er definert som «dyrkbar jord»:



Rune Øygard: Heile arealet (raud skravur) Ca 30 daa  
 Audun Fystro: Blått areal Ca 15 daa

Begge gardane har drift, slik at vilkåra er oppfylt for begge for tilleggsjord. Det som er hovudskilnaden er at den eine (Fystro) har mjølkedrift, og den andre (Øygard) i hovudsak driv med fôrproduksjon. Riktignok har Øygard oppgjeve at han planlegg oppstart med beitedyr, men det har han ikkje per i dag.

Det er eit poeng å sjå på arrondering av dette tilleggsarealet opp i mot plassering av eigen støl. Det er og ei goto som ligg mellom S821 og S815 som bør ivaretakast slik at det er enkel passasje for dyr. Både S821 og S772 ligg inntil ynskja tilleggsareal, slik at begge har nærliggande stølar.

Ut i frå nærleiken til eigen støl, samt moglegheit den andre har for anna tilleggsareal nær stølen sin, finn administrasjonen at Rune Øygard er den som ligg nærast det omsøkte arealet, og den som har minst moglegheit for andre alternativ i nærleiken til stølen. Når det gjeld Fystro har han moglegheit til tilleggsareal på nordvest sida av eigen støl, sjølv om det går ein veg tvers gjennom dette arealet. Imidlertid må dette sjåast opp i mot den bruk som er på stølane, om det er beitedyr der eller ei.

#### Naturmangfaldlova § 8-12:

##### § 8 (kunnskapsgrunnlaget)

Området er vurdert opp mot naturbasen til DN, og dessutan artskart. Det er ikkje vist nokon registreringar i database som er rekna som sårbar eller trua i umiddelbar nærleik til det aktuelle arealet. Ein ser på dei opphavlege kommunale registreringane som er supplerte med nyare registreringar på stølsjorder som godt nok avgjerdsgrunnlag.

##### § 9 (føre-var-prinsippet)

Vi meiner at § 9 er oppfylte. Den sentrale ordlyden om at: «Finst ein risiko for alvorleg eller irreversibel skada på naturmangfaldet, skal ikkje mangel på kunnskap brukast som grunngeving for å utsetja eller la vere å treffa forvaltningstiltak» vurderer vi ikkje er aktuell i denne saka då det er klart at kunnskapen er god nok rundt naturverdiane av plan- og influensområdet til å seia at ein irreversibel skadde på naturmangfaldet ikkje vil skje som følgje av tiltaket.

##### § 10 (økosystemtilnærming og samla belastning)

Vi meiner at ordlyden om økosystemtilnærming får avgrensa bruk i denne saka. I forhold til samla belastning har ein vurdert evt auka avrenning frå dyrka mark til nærliggande vassdrag som liten. Ein kan dermed ikkje sjå at det vil vera samla ulemper av avgjerande karakter.

##### § 11 (kostnadene ved miljøforringelse skal berast av tiltakshavar)

Ikkje aktuelt med ytterlegare registreringar eller nye tiltak.

##### § 12 (miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetodar)

Ikkje aktuelt.

Som ein konklusjon legg fjellstyret til grunn at det ikkje er viktige artar eller naturtypar som blir vesentleg skadelidande som eit resultat av denne saka.

Oppsummert finn administrasjonen at ein vektlegg tilhøvet til den som har mjølkekyr størst vekt, slik det er gjort i tilsvarande saker. I dette tilfellet gjeld dette berre Fystro (S821). I tillegg er det ei betre arrondering på Fystro sin søknad om tilleggsareal, då det vert eit stort, ope areal i tilknytting til eksisterande goto.

Når det gjeld den som per nå i hovudsak berre driv med forproduksjon, er det ei mindre ulempe om tilleggsarealet ligg lenger unna stølen samanlikna med den som driv med mjølkekyr. Ein rår derfor Øygaard om å vurdere anna areal dersom det fortsatt er aktuelt med tilleggsjord.

#### **Framlegg til vedtak:**

Fjellstyret er positiv til omsøkt tilleggsjorde frå Audun Fystro (S821), og legg søknaden ut til offentleg ettersyn jfr seterforskrifta § 20.

#### **Nytt Vedtak:**

Fjellstyret avslår omsøkte tilleggsjord frå S821 og S772 med følgjande grunngjeving:

Fjellstyret ynskjer å bevare fellesbeite for alle støler i/på støslaget, og med tanke på turisttrafikk i nærområdet bør det bevarast opne flater/ rom for beitedyr.

Ein er positiv til nydyrking, og vil i samarbeid med dei aktørar som søker finne eigna areal som er tilpassa deira behov i etterkant. Dette vil då skje i tråd med nye vegetasjonskart.

Generelt bør nydyrkingsfelt, hovudsaklig for forproduksjon, leggest i ytterkant av støslaga.

Vedtaket er samrøystes.

*Vedtak om utvising av tilleggsareal er enkeltvedtak etter forvaltningslova og det er klagerett over vedtaket jf. reglane i forvaltningsloven. Tilråding om inngjerding er ikkje enkeltvedtak og det er ikkje klagerett over denne del av vedtaket.*

*Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument.*

*Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.*

Vestre Slidre fjellstyre den 02.09.2022

Kenneth Monsen  
sekretær

Utskrift:  
Rune Øygaard  
Audun Fystro  
Statskog  
Vestre Slidre kommune